



Fitjar-verftet har i den seinare tid bygd arbeidskatamaranar av denne typen, som vert levert til Lerøy

**Det er arbeidsbåtar til oppdrettsnæringa det kan verta aktuelt å produsera hos Eidsvik, opplysar dagleg leiar for Fitjar Mekaniske Verksted, Hugo Mikal Strand, til uskedalen.no.**

**Han presiserar at prosjektet førebels berre er under utgreiing og at det ikkje vil verta trukke nokon konklusjon om aktuell stad før i løpet av mars. - Vi skal ikkje berre finna ein stad for produksjonen, vi skal også lukkast på marknaden, seier Strand.**

**Førebels ligg det inga kontrakt på bordet. Det er med andre ord ein lang veg å gå før ein arbeidsstokk eventuelt kan rykka inn i det som før var den største produksjonsbedrift i Uskedalen.**

Fitjar-verksemda vurderer etter kva vi forstår 3 produksjonsstader i Noreg som aktuelle og føredrar å produsera her framfor å gå til utlandet.

Eidsvik er altså eitt av alternativa, men Strand peikar på at det konkursramma verftet i Uskedalen ikkje har nokon klar brakkerigg der arbeidsstokken på anslagsvis 20 mann kan bu i det aktuelle tidsrommet frå 1. mars og til slutten av året.

Det tek 6 månader å byggja ein arbeidsbåt og i dette tilfellet vert det aktuelt å byggja ein eller to båtar.

Arbeidsbåtar er forøvrig ikkje hovedproduktet til Fitjar - det er byggjing av fiskebåtar.

Verftet har sidan 1999 bygd 15 pelagiske fiskebåtar og 6 offshorebåtar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen